



Innst. 29 S

(2014–2015)

Innstilling til Stortinget fra familie- og kulturkomiteen

Prop. 126 S (2013–2014)

Innstilling fra familie- og kulturkomiteen om samtykke til godkjenning av vedtak i EØS-komiteen nr. 54/2014 om innlemming i EØS-avtalen av forordning (EU) nr. 782/2013 om EU-miljømerket

Til Stortinget

Sammendrag

Ved avgjørd i EØS-komiteen nr. 54/2014 av 8. april 2014 vart vedlegg XX (Miljø) til EØS-avtala endra. Endringa vart gjord for å innlemme kommisjonsforordning (EU) nr. 782/2013 av 14. august 2013 om endring av vedlegg III til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 66/2010 om EU-miljømerket.

EU-miljømerket er ei frivillig merkeordning. Produkt, dvs. varer og tenester, kan få miljømerket når dei tilfredsstillar visse minstekrav som er fastsette i såkalla kriteriedokument. Kriteria skal utformast slik at det i størst mogleg grad vert teke heilskapleg omsyn til miljøaspekta ved det einskilde produktet. Produsentar som søker om å få merkt produkta sine med miljømerket, må dokumentere at produkta tilfredsstillar ei rekkje strenge helse- og miljøkrav.

Føremålet med miljømerkeforordninga var å skape eit heilskapleg og effektivt miljømerkesystem i Europa. Gjennom informasjon om korleis produkt verkar inn på miljøet, skulle forbrukarane bli i stand til å treffe gode miljøval. Det var òg venta at ordninga ville stimulere til produksjon og marknadsføring av dei produktalternativa som har minst negativ innverknad på miljøet.

Bakgrunnen for kommisjonsforordninga er mellom anna å auke bruken av EU-miljømerket og opp-

muntre dei som har produkt som fyller kriteria for merket. For å oppnå dette bør kostnadene som er knytte til bruk av merket, vere så låge som mogleg, men likevel tilstrekkelege til at dei dekkjer kostnadene til drift av ordninga. Miljømerkeforordninga gjer det mogleg å auke høgstegebyra der dette er naudsynt og føremålstenleg.

Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Hege Haukeland Liadal, Sonja Mandt, Arild Grande og Rigmor Aasrud, fra Høyre, lederen Svein Harberg, Kårstein Eidem Løvaas og Mette Tønder, fra Fremskrittspartiet, Morten Stordalen og Ib Thomsen, og fra Kristelig Folkeparti, Dag Sele, viser til proposisjonen. Komiteen påpeker at god miljømerking er viktig for at kundene skal kunne gjøre gode valg ved kjøp av varer, og at felles europeisk merking og kriterier er et godt tiltak i så henseende.

Komiteen har merket seg at den europeiske merkingen ikke har oppnådd på langt nær samme deltagelse som den nasjonale merkingen med Svane-merket. Større deltagelse fra norske produsenter i den europeiske merkingen vil kunne bidra til at norske produkter totalt sett får en bedret konkurranseposisjon. Komiteen merker seg at endringene i betalingsregime anslås å gi behov for noe økt statlig støtte til administrasjon, og viser til at ordningen er ment å være selvfinansierende. Komiteen forventer at økt tilrettelegging vil føre til økt bruk, og derved over tid bedre økonomien i merkeordningen.

Komiteen slutter seg til ønsket om å legge til rette for at flere skal ta i bruk merkingen på sine produkter, og at det stimuleres til dette gjennom å gi

virksomhetene differensiert betaling knyttet opp til størrelse og omsetning. Komiteen slutter seg derfor til forslagene i saken.

Merknader fra utenriks- og forsvarskomiteen

Komiteens utkast til innstilling har blitt forelagt utenriks- og forsvarskomiteen som i brev av 22. oktober 2014 uttaler:

«Utenriks- og forsvarskomiteens medlemmer slutter seg til familie- og kulturkomiteens utkast til

innstilling til Prop. 126 S (2013–2014) og har ingen ytterligere merknader.»

Komiteens tilråding

Komiteen viser til proposisjonen og sine merknader og rå Stortinget til å gjøre slikt

vedtak:

Stortinget gjev samtykke til godkjenning av vedtak i EØS-komiteen nr. 54/2014 om innlemming i EØS-avtalen av forordning (EU) nr. 782/2013 om EU-miljømerket.

Oslo, i familie- og kulturkomiteen, den 4. november 2014

Svein Harberg

leder og ordfører